

Saknr: 2020/93-52  
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020

## Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom

## Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kr 2 000 000,- over budsjettpost 460201 fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	AUTISMEFORENINGEN I NORGE HORDALAND	Alle kan delta, uansett funksjonsnivå	80 000
2	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Klatretilbud for barn og ungdom	105 000
3	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Inkluderende friluftsliv i BHT	200 000
4	FORENINGEN NORDSJØLEKENE	Nordsjølekene 2020	50 000
5	VESTLAND IDRETTSKRETS	MEGA for alle - kompetanse. Eit prosjekt i samarbeid med Idrett Bergen Sør (IBS)	200 000
6	VESTLAND IDRETTSKRETS	Utrustet ung - kompetanse. Et tiltak gjennom Idrett Bergen Sør (IBS)	100 000
7	VESTLAND SEILKRETS	VSK støtte til barne- og ungdomsseiling, samt lavterskel aktiviteter for minoritetsgrupper.	72 000
8	NORGES CYKLEFORBUND	Sykkelkids	135 000
9	NORGES GOLFFORBUND (NGF)	FORE - SFO på golfbanen	38 000
10	VESTLAND IDRETTSKRETS	Ferieaktiviteter med idrett og friluftsliv i Vestland fylke	200 000
11	VESTLAND IDRETTSKRETS	På hjul med jentene	200 000
12	VESTLAND IDRETTSKRETS	Svømmekurs for jenter og kvinner på Stord	50 000
13	VESTLAND IDRETTSKRETS	Sykkelskoler i Bergen: sykkelopplæring for barn og ungdom i nærmiljøet	50 000
14	VESTLAND IDRETTSKRETS	Åpen hall og lavterskel allidrett hos idrettslag i Vestland fylke	150 000

15	VESTLAND IDRETTSKRETS	Inkluderingsarbeidet i Vestland idrettskrets	160 000
16	SOGN OG FJORDANE TURLAG	Lågterskel aktivitet der du bur	110 000
17	SOGN OG FJORDANE SKIKRINS	Utedagen 2020	100 000
18	ALVER KOMMUNE	Aktiv ferie	0
19	ALVER KOMMUNE	Seek `n` find	0
20	AUSTRHEIM UNGDOMSKLUBB	Open hall i skuleferien	0
21	AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB	Ope anlegg	0
22	BJØRNEFJORDEN GOLFKLUBB	FORE - SFO på golfbanen	0
23	BERGEN CYKLEKLUBB	Sykelopplæring for Barn og ungdom i nærmiljøet	0
24	BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	Temperaturbøyer i friluftsområder	0
25	BREMNES IDRETTLAG	Idrett er gøy!	0
26	BYDELSBLOGGEN	Stord Friluftsfestival 2020	0
27	FANA IDRETTLAG	zinken	0
28	FYLLINGSDALEN FRIVILLIGHETS SENTRAL	Basket Night, et tilbud til uorganisert ungdom	0
29	FRILUFTSRÅDET VEST	Nye Landsmenn - innføring i norsk friluftsliv	0
30	Gneist Klatregruppe	M.E.G.A (Mestring, Energi, Glede og Aktivitet)	0
31	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	Konfirmantfestival	0
32	KOLBEINSVIK VEL	Buldrestein Kolbeinsvik Aktivitetspark	0
33	Måløy Idrettslag	Oppgradering Trimløyper	0
34	NFU BØMLO LOKALLAG	Aktivitetsdag	0
35	RUBBESTADNESET IDRETTLAG	Lavterskel tilbud i Rubbhallen	0
36	STADLANDET IDRETTLAG	Draumeplassen Borgund	0
37	STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL	Glad Fitjarungdom	0
38	SUNNFJORD IDRETTLAG	Sandaktivitet for Inkludering og Integrering hos ungdom i Sunnfjord	0
39	SUNNFJORD SKYTTARSAMLAG	Inkludering - alle som vil skal få delta	0
40	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Multiarena på uteområde for elever, barn og ungdom	0
41	VÅTEDALEN TINDEKLUBB	Dragehall Prosjektet	0
42	WAYBACK BERGEN - STIFTELSEN LIVET	Utendørs paintballbane i Bergen	0
43	ØYGARDEN KOMMUNE	Kystleik - skjergardsopplevingar-meistring	0
44	ØYANE SVØMMEKLUBB	Tryggleik i vatn for funksjonshemma barn	0
45	Åsen Vel	Tilrettelegging for fysisk aktivitet og læring for barn og ungdom	0
	<b>Totalt</b>		<b>2 000 000</b>

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngeving av vedtaket.

**Samandrag**

Tiltaka som får tilskot skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktive kvar dag. Regionale ledd av frivillige organisasjonar innan idrett og friluftsliv kan søkje om tilskot til aktivitet i sine lokallag og klubbar.

Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioriterte. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket.

Det vart vedteke [retningsliner for ordninga](#) i hovudutvalsmøtet 2. desember 2019. Deretter vart ordninga lyst i heile Vestland med frist 15. februar 2020. Det er komen inn 45 søknadar, med ein samla søknadssum på kr 5.372.536.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Oversikt over tildelinga

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Denne tilskotsordninga vart endra i høve fylkessamanslåinga. Ordninga har eksistert i tidlegare Hordaland, og er no vidareført til Vestland. Retningslinene er endra for å gjer ordninga meir målretta og for å få meir koordinerte, regionale tiltak. Regionale ledd av frivillige organisasjonar kan søkje om tilskot til lågterskelaktivitet i sine lokallag og klubbar, og må prioritere mellom dei innkomne søknadane. Dette inneber at ein del tidlegare søkjarar ikkje lenger kan søkje direkte i ordninga. Fylkeskommunen oppmodar kommunar, lokale lag og organisasjonar og liknande til å samordne tiltak og søkje om meir målretta tiltak mot dei prioriterte tiltak/ målgruppene.

### Føremålet med ordninga

Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioriterte. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket. Gode prosjekt kan bli støtta med tilskot frå kr 50.000 til kr 200.000.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2020: Sum kr 2.000.000

Søknadsfrist 2020: Sett inn dato 15. februar

Vedtak kriteria: Hovudutval kultur, idrett og integrering 2.12.2020 PS nr 9/19

Kriteria og informasjon om ordninga:

<https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lagterskel-fysisk-aktivitet-for-barn-og-ungdom/>

#### Vår 2020

Tal på søknadar: Tal søknader 45

Tal på søknadar som vart tildelt støtte: Tal søknader 17

Samla søknadssum: Sum kr 5.372.536

Samla løyving: Sum kr2.000.000

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentar til innstillinga:

Det er forståeleg at nokre søkjarar reagerer på at dei ikkje lenger kan søkje direkte. T.d. idrettslag, kommunar og ungdomsklubbar. Tiltaka som desse søker tilskot til, er oftast lokale og med liten overføringsverdi. Fylkeskommunen har difor lagt om ordninga for å sikre at vi tek i vare rolla som regional utviklar og ikkje går inn i kommunale oppgaver.

Tilskotsordninga vil bli evaluert for å sikre at løyvingane blir målretta og underbyggjer målsettinga.

### Absolutte kriteria

Tiltaka skal vere retta mot lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge. Det vert ikkje løyvd midlar til anlegg og infrastruktur eller drift.

### Vurderingskriteria

Desse tiltaka vil bli prioriterte i 2020:

- Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv.
- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom.
- Tilskot til utvikling og utprøving av nye aktivitetar.

Søknader som er sendt inn direkte frå kommunar, lokale lag og organisasjonar får avslag, då dei ikkje har søkt i tråd med retningslinene. Søkjarane har fått tilbakemelding om dette etter kvart som søknadane er komen inn.

## Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kultur og idrettsfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune. Det er kr 2.000.000 til fordeling over budsjettpost 460201.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Vestland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

### Konklusjon

Det har vore god dialog med dei regionale aktørane, og det har vore gjennomført to møter med Vestland idrettskrets for å samordne og koordinere søknader og tiltak. Dette har vore gode prosessar, og den nye organiseringa av ordninga har vorte godt motteke. Fylkeskommunen er positiv til denne måten å arbeide på, og har fått positive tilbakemeldingar frå t.d. idrettskretsen, som også ser meirverdien av ei samordning og regional koordinering av tilskotsordninga.